

TINGSTEINEN

Høgdemeter over havet: omlag 764 m

Lengde: ca 2 km ein veg.

Tid: 1,5 - 2 timer opp og ned.

Gradering: Dette er ein lett tur som passer for alle.

Vegskildring: Turen går frå Skaftedalen: Ta av frå riksveg 13 rett før bomstasjonen på Bulko og køyr gamlevegen mot Skjervsfossen. Ta av til venstre i ein skarp sving på Moe mot Jørdre og Skår. Køyr vegen fram og hald mot venstre til du ser eit skilt mot Skaftedalen omlag 3,2. Parker på parkeringsplass ved brua i Skaftedalen. Gå tilbake langs vegen til ferista før toppen. Følg grusvegen opp til grinda på venstre sida av vegen. Det er grei sti den første delen. Siste delen er meir utydeleg sti, men ein kan sjå toppen derifrå. Turen er ca. 2 kilometer ein veg. Det tar ca. 1,5 - 2 timar begge vegar. Det er skilta mot Skykkjeset og Hondalsnuten ved starten av stien. (Pass på å lukke grindene etter deg). Stien går rett frå langs steingjerdet etter grindene. Når du kjem til bekken går stien opp bakken til venstre. Deretter er det god sti til du kjem til bekken igjen ved Mosdal. Derifrå kan du velje å prøve å følgje stien oppå skjeringa på venstre side langs bekken, eller krysse bekken til høgre og gå rett mot Tingsteinen. Rett før siste stigninga mot Tingsteinen er stien tydelegare. Stien går til høgre for Tingsteinen, og rundar tilbake til Tingsteinen mot toppen. Selve steinen på toppen er ikke så godt synlig før du er helt på toppen, selv om den er ganske stor.

Dersom du går ca. 100 meter rett mot granvinsvatnet er det god utsikt ned mot øvregranvin. Mot nordøst kan du se alle toppene langs Raundalsryggen.

GOD TUR!